

ORSTAD SKULE

TIL HEIMAR MED ELEVAR PÅ 8. - 10. TRINN

BRUK AV SYKKEL TIL ORSTAD SKULE; RULLEBRETT I SKULETIDA

Rektor og FAU ved Orstad skule har drøfta kva for haldning vi skal ha til sykling til skulen. For dei yngste elevane, 1. til 4. trinn, har vi gått ut med klar oppmoding om at dei ikkje sykklar til skulen. Dette grunngjev vi med at dei er motorisk umodne, og usikre og vinglete i trafikken. Ut frå reine trafikksikringstiltak har vi gått ut med den oppmodinga.

Elevlar som sykklar til skulen skapar nokre vanskar for oss i løpet av skuledagen. At dei har sykklar på skulen i skuletida skapar dei største vanskaner. Mange elevlar nyttar då høvet til å sykla rundt på skuleplassen i pausetida, dei sykklar blant dei minste, og då kan det lett skje uhell. Dei "tjuvlåner" sykklar frå kvarandre, sykklar vert herja med og av og til også øydelagde. Skulen manglar gode og klare parkeringsplassar for sykklar, difor står dei ofte plasserte framfor inngangsdører til både hinder og irritasjon. I løpet av skuledagen fører dette stundom til konflikhtar mellom elevlar og mellom elevlar og tilsette, og det vil vi gjerne hindra.

Skulen kjem med ei oppmoding til dykk føresette.

Drøft med guten eller jenta dykkar om han / ho treng sykla til skulen. Vi ønskjer å redusera talet på elevlar som sykklar til skulen ut frå følgjande grunnar:

- vi har få oppstillingsplassar / parkeringsplassar for sykkel
- elevane sykklar unødig i skuletida; dette er brot på skulereglane
- elevane "tjuvlåner" sykklar frå kvarandre
- sykklar vert herja med og øydelagde

Dette er ei oppmoding frå FAU og tilsette på Orstad skule, og vi vonar at de foreldre hjelper oss med dette.

N.B. Elevlar som sykklar til skulen, har sykkel på skulen på eige ansvar.

N.B. Elevlar, uansett alder, som sykklar til skulen skal bruka hjelm.

N.B. Elevane skal **alltid** ha hjelm når dei sykklar enten på ekskursjonar eller turar.

RULLEBRETT / RULLESKEISER / SPARKESYKKEL:

Skulen har i forståing og samarbeid med FAU tillete at elevane frå 8. - 10. trinn får nytta rullebrett og sparkesykkel på tilvist asfaltområde sør for skulebygningen. Dette har ført til auka aktivitet i pausetid og har ikkje vore til hinder i skuletida. Med dei positive røynslene som skulen har er rektor og FAU innstilt på at vi held fram med ordninga for skuleåret 14 / 15.

Samstundes vil vi understreka at skulen **IKKJE** tillet noko bruk av rulleskøyter i skuletida.

Orstad skule, den 28. august 2014

Sturle Holmen
leiar i FAU

Knut Norddal
rektor